



Utdannings- og forskningskomiteen

Dato: 09.04.2018
Vår ref.: 2015/11453-127
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Innspel til Prop. 47 L (2017–2018) "Lov om fagskoleutdanning (fagskulelova)"

Styret for Fagskolen i Hordaland sender med dette innspel til sakshandsaminga av Prop. 47 L (2017-2018).

Gradsnemning

Styret for Fagskolen i Hordaland viser til arbeidet Nasjonalt fagskoleråd har gjort i høve til gradsnemning og meiner dette bør takast til følgje. På bakgrunn av dette vil styret føreslå at følgjande titlar vert nytta:

Fagskulegrad / professional degree (60 studiepoeng).

Høgare fagskulegrad / higher professional degree (120 studiepoeng).

ECTS

I Prop. 47 L er det gjort greie for ulike høyringsinstansar sine uttalar i høve til konvertering av studiepoeng frå ein fagskule til ECTS. Styret for Fagskolen i Hordaland meiner departementet må gjere ei vurdering av dette i samband med den planlagde gjennomgangen av NKR. Som andre høyringsinstansar peiker på vil praksisen med to poengsystem fortsette dersom studiepoeng frå fagskular ikkje kan verte konvertert til ECTS.

Viser også til Nasjonalt fagskoleråd sitt arbeid med forslag til gradsbemnemning der rådet tilrår at Norge bør sjå på høgare yrkesfagleg utdanning som ein integrert del av Bologna-prosessen og såleis opne for å bruke EQF og ECTS i den internasjonale omtalen av høgare yrkesfagleg utdanning.

NKR

I lovforslaget er det føreslått at departementet kan gje løyve til fagskuleutdanningar med eit omfang på 180 studiepoeng. Styret for Fagskolen i Hordaland støttar dette, men meiner at fagskuleutdanningar som er tre år i omfang bør kunne plasserast på nivå 6 i NKR. Departementet bør gjere ei slik vurdering i samband med ny gjennomgang av NKR.

Namn på lova

I lovforslaget er det føreslått at fagskuleutdanning skal definerast som høgare yrkesfagleg utdanning. Styret for Fagskolen i Hordaland meiner at dette bør sjåast igjen i lovens tittel, og at tittelen vert endra frå lov om fagskuleutdanning til lov om høgare yrkesfagleg utdanning.

Roald Kvamme
styreleiar

Adeline Berntsen Landro
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.